

03.10.2018

Til nettselskapa i Møre og Romsdal

## HUBRO OG KRAFTLINER - Oppfølgande kommentar

Med visning til vårt brev<sup>1</sup> av 10.4. i år om hubro og høgspenningslinjer, vil vi hermed takka alle ti selskapa for svar på spørsmåla våre, med særleg vekt på bruken av piggisolatorar i distribusjonsnettet (22kV). Dette utgjer særleg risiko for fugl, sjølv om det også er andre konstruksjonar i linenettet som set fugls liv i fare.

Vi har summert opp viktige punkt i svara under. Fordi NVE i 2011 satte vilkår etter energilova mot piggisolatorar ved nybygging/fornyng av liner, gjeld oppsummeringa vår i første rekkje eksisterande liner. Desse linene går tett over store delar av fylket, og utgjer dødsfeller som truleg er viktig årsak til at hubrobestanden ikkje maktar å bygge seg opp. Utan målretta tiltak vil denne tilstanden vedvara i overskueleg framtid, dvs inntil konsesjonane utgår.


- Selskapa stiller ikkje spørsmål ved det faglege grunnlaget for at kraftliner utgjer hovudtrugsmål mot hubroen, men erkjenner problemet med linedød.
- Selskapa er i utgangspunktet positive til avbøtande tiltak mot at fugl blir drept av høgspenn.
- Gledeleg er det også at fleire selskap nemner kabelføring av 22kV-liner som ei aktuell løysing. Det må bety at dette er realistisk også som avbøtande tiltak i sårbare område på eksisterande liner. Jordkabling er naturleg nok den sikraste måten å unngå linedrept fugl. Det vil hindra både straumdød og linekollisjonar, og såleis vera til nytte også for andre artar enn hubro. Difor er det ekstra gledeleg når eit selskap opplyser at alt høgspennnett blir lagt ned i bakken.
- Selskapa er positive til samarbeid med oss for å identifisera sårbare strekkingar for fugl, som t.d. hubro. Vi kan nemna at NOF har levert rapportar med risikovurdering av liner i ca. 70 hubroterritorier i fylket, alle kjent etter omkring 1980 (eit fåtal er aktive i dag). Viss selskapa er ukjent med aktuelle hubro-lokalitetar, kan dei gjerne venda seg til NOF for informasjon (jfr kontaktadresser under).
- Vi er overraska over at dei aller fleste selskap skiftar til nye piggisolatorar når gamle må bytast ut, utan noko form for avbøtande tiltak for fugl. Ein bevegar seg dermed i ei gråson. Prakisen strir mot NVEs uttalte forventning, slik det kjem til uttrykk i brev av 6.12. 2011 til alle områdekonsesjonærane, der dei imøteser at dei nye vilkåra mot

---

<sup>1</sup> <https://naturvernforbundet.no/moreogromsdal/naturmangfold/hubro-og-hogspennlinjer-article38134-1706.html>

piggisolatorar også blir fulgt innafør tildelte konsesjonar, utan å vera juridisk bindande i dei tilfella. Ved bruk av piggisolatorar forventar NVE at dette blir omsøkt, med beskriving av påtenkte tiltak for fugl som t.d. isolering eller bruk av sittepinne. Det gjeld alle område. Vi vil understreka at alle typiske posteringmaster for fugl i opent terreng er potensielle dødsfeller, sålenge dei ikkje er forsvarleg sikra mot straumgjennomgang. Ingen kjenner hubroens vegar. Han kan streifa milevidt, både som vaksen og ikkje minst ungfugl. Men sjølv om linedrept fugl er vanskeleg å dokumentera - fordi dei raskt blir fjerna av åtseletarar - bør det uansett vera nyttig å notera funn av død fugl ved synfaring av linene.

- Med unntak av to selskap vert opplyst at ein unngår piggisolatorar på nye liner, såsant dei ikkje kan kallast isolerte/BLX-liner, slik to andre selskap nemner. Men ifølge vår informasjon frå SINTEF er plastbelagte BLX/BLL-liner korkje rekna for isolerte eller berørings sikre, sjølv om berøringsfaren for hubro er redusert. Ulike vernearrangement mot lyn o.a. overspenningar betyr likevel at denne linetypen har ein del ekstra farlege stolpar, pga kort avstand mellom blanke liner (foto under). Utan avbøtande tiltak, særleg på slike stolpar, er BLX-liner derfor inga trygg løysing for fugl, og synest ikkje vera i pakt med NVEs vilkår mot piggisolatorar på nye liner, referert innleiingsvis. For øvrig legg vi til grunn at det hermed er slutt på å bruka piggisolatorar på nye liner.



- Eit selskap nemner problem pga ver og vind ved isolering av liner. Når det gjeld problem med korrosjon av faseliner, minner vi om ei nyleg utvikla løysing for å unngå dette. Foto under viser patenten i praksis, med avvisarar og trygg sittepinne for hubro på travers. Nærmare beskriving finst i brosjyra "Fugl og kraftledninger"<sup>2</sup>, tilsendt alle områdekonsesjonærar.




Foto Oddvar Olsen

<sup>2</sup> [http://publikasjoner.nve.no/rapport/2011/rapport2011\\_27.pdf](http://publikasjoner.nve.no/rapport/2011/rapport2011_27.pdf)

- Eit anna selskap nemner at KILE-avgift ved utkopling i samband med tiltak for fugl er krevjande. Vi er samd i at det er urimeleg med statleg avgift for å hjelpa ein truga art, som ifølge norsk lov har krav på ekstra beskyttelse. Lova gir ingen "License to kill". Sidan avgifta gjeld for heile landet, vil vi be NOF/Naturvernforbundet nasjonalt til å ta opp problemstillinga med NVE eller overordna styresmakter.

Sjølv om det ser dårleg ut for hubroen i Møre og Romsdal i dag, vonar vi at han har ei framtid i fylket, og ser fram til eit samarbeid for å tryggja både denne bestanden og anna fugleliv mot linedød. Vi set pris på dei avbøtande tiltaka som enkelte nettselskap har gjennomført. Dette dreier seg om nokså avgrensa enkeltstrekningar i linenettet, og ein må kunne forlange vesentleg større handlekraft.

Aktuelle kontaktpersonar i NOFs fylkesavdeling:  
leiar Olbjørn Kvernberg (Olbjorn.Kvernberg@geogroup.no)  
Ingvar Stenberg, Kvanne (Ingvar.Stenberg.2@gmail.com)  
Oddvar Olsen, Volda (faunafokus@gmail.com)

Med helsing

Olbjørn Kvernberg  
Leiar  
Norsk Ornitologisk Forening  
Møre og Romsdal

Øystein Folden  
Leiar  
Naturvernforbundet i Møre og Romsdal

Kopi til  
NVE  
Klima- og miljøverndepartementet, ved statsråden  
Miljødirektoratet  
Mia Husdal  
viltkonsulenten i Sogn og Fjordane og Trøndelag